



Panatda Sulen har godt med kundar allereie. Her er det Solveig Hoff som får stelt neglene sine.

Nytt velvære-tilbod i Os

«Negledesign & Thaimassasje» er namnet på den nye velværesalongen som er opna i Brugata på Osøyro. Ei knapp veke etter opning har eigaren avtaleboka nær fullteikna.

Kenneth Svenningsen
kenneth.svenningsen@osogfusa.no

Dei siste tre åra har *Panatda Sulen* drive med thaimassasje og negledesign på Nesttun. Då leigekontrakten gjekk ut byrja ho å sjå seg etter nytt lokale i Os.

– Eg flytta til bygda for fire år sidan. Alt den gongen vurderte eg å starta i Os, men då hamna eg tilfeldigvis på Nesttun. No er eg glad eg har funne lokale her. Det verkar å vera ein god marknad for mine tenester i Os, seier Panatda.

Ny sjanse

Underteikna var nett på week-endtur i Praha. I området rundt gamlebyen var det thaimassasje nær sagt på kvart

hjørne. Men i jaget etter å rekja alle “to-do”-tingene, vart det aldri tid til å pleia kroppen. Då var det jammen meg flaks at eg fekk sjansen til å prøva det berre 42 meter i frå jobben min på Osøyro.

– Kva er thaimassasje?

– Det er jo rett og slett ei form for massasje som eg har lært av mor mi og på kurs i Thailand. Massasjeforma er hardare og går meir i djupna enn det ein har mest av i Noreg, nemleg aroma-massasje, seier Panatda.

– Du tek 600 kroner for 60 minutt. Korleis er den prisen i høve til andre former for massasje.

– Prisen er konkurransedyktig. Etter det eg kjenner til er eg den einaste i Os som driv med denne forma for massasje. Men du tilbyr også annan

massasje.

– Jada, aroma-, balsam-, ansikts-, fot- og kranie-massasje. Eg tilbyr mange typar massasje, seier Panatda.

Litt av kvart

29-åringen kom frå Thailand til Noreg då ho var åtte år gamal. Ungdoms-åra hadde ho på Sandsli.

– Eg hadde ein tilnærma norsk oppvekst, men det er klart at mykje av interessene og eigenskapane mine er farga av kulturen eg kjem frå, seier ho.

Panatda er også utdanna spaterapeut og negledesigner. Det siste gjer ho nytte av i salongen i Os.

– Det er veldig populært med negledesign. Eg tilbyr påsetting av kunstige negler, fransk manikyur og forsterkning av negler.

Då lokalavisa var innom onsdag hadde ho *Solveig*

Hoff som kunde.

– Eg er så glad for at me har fått eit tilbod som dette. Eg flytta nyleg til Os Sjøfront, og etter det har eg blitt veldig medviten på at me skal bruka dei tilboda me har i Os sentrum, seier Hoff.

– Så du kjem til å bli fast kunde her?

– Ja, dersom ho gjer ein god jobb – noko det ser ut til at ho gjer – så kjem eg nok til å bli ein gjenganger, smiler Hoff.

Panatda tilbyr endå fleire tenester.

– Også augevipp-forlengelse – eller extensions som det heiter på engelsk – står på menylista de. Noko å tilrå meg?

– Det er vel helst jenter som gjer det, men eg skal ikkje stansa deg om du absolutt vil.

– Eh... Eg trur heller eg tek litt thaimassasje...

Livemusikk på kaféen i Søre Øyane bedehus

I september fortalte *Hanna Kirsten Lysen* i sanitetsforeininga at dei har starta opp kafé i bedehuset, slik at folk hadde eit samlingspunkt i Øyane ein laurdag i månaden.

På opningskaféen var det totalt 30 personar innom, medan basar-arrangementet i oktober gjorde at det ikkje blei kafé førre månad.

I dag opnar dei dørene til kaféen att, og i tillegg til betasuppe, kaffi og kaker, har dei ei li- ta overrasking på lur.

– Kongshaug musikkgymnas stiller med livemusikk, seier

Lysen og held fram:

– Det er fleire som har etterlyst kafé. I staden for at folk må reisa til Os for å samlast, vil me stella i stand ein møteplass i bedehuset. No håpar me på at det kjem endå fleire enn det gjorde i september, seier Lysen.

– Kor mange trur du at det er plass til i bedehuset?

– Eg reknar med me skal klara å ta i mot kring 100 gjester. Uansett kor mange som kjem, så skal me få plass til alle saman, smiler Lysen.

BSO

Henta ulovlege våpen

Os: Os-politiet har vore på tre ulike adresser dei siste dagane for å henta inn ulovlege våpen.

– Me har henta inn våpen fordi våpenløyva er blitt trekt tilbake. Det kan det vera fleire ulike årsaker til, som til dømes prikkar på rullebladet, seier Audun Hadler-Olsen ved Os lensmannskontor.

Fekk besøksforbod

Os: Ein mann i 40-åra har fått forbod frå politiet om å nærma seg eit familiemedlem, medan ein annan mann, som også er i 40-åra, har fått forbod mot å nærma seg ein butikk i Os.

– Mannen har kome med trugslar mot tilsette i denne butikken. Dette har skjedd ved fleire høve. Besøksforbodet gjeld for eit år, seier politiførstebetjent Audun Hadler-Olsen.

Skeptiske til å kartleggja kulturhistoriske landskap

Fylkesutvalet i Hordaland vil ikkje utan vidare vera med på å setja i gang med eit arbeid der ein kartlegg kulturhistoriske landskap av nasjonal og regional interesse. – Hordaland fylkeskommune vil åtvare mot ei utvikling der stadig fleire landskapsområde får forskjellige kategoriar av vernestatus, heiter det i vedtaket, sett fram av *Terje Søviknes* på vegar av Frp, H og V.

Bakgrunnen for saka er at Riksantikvaren har fått i oppdrag av Klima- og miljødepartementet å etablere eit register over kulturlandskap av nasjonal interesse. Riksantikvaren har så teke kontakt med Hordaland og Østfold fylke for å få gjennomført eit forprosjekt.

Fylkesrådmannen har rådd til at Hordaland vert med på prosjektet, og kome med framlegg om ni område i fylket som kan vera av nasjonal interesse (ingen i Os eller Fusa). Fylkesrådmannen foreslår også å setja i gang med å få oversyn over kulturhistoriske landskap av regional interesse.

Kultur- og ressursutvalet i fylkeskommunen slutta seg samrøystes til dette framlegget. Men i fylkesutvalet var det berre SV som støtta innstillinga. Fleirtalet gjekk inn for at heile prosessen skal leggast på is til ein har klargjort kva konsekvensar status som “kulturhistoriske landskap av nasjonal interesse” får i høve til andre planar, reguleringar og disposisjonar.

ALH

Bed om nye stolar

Elevrådet ved Fusa ungdomsskule bed ungdomsrådet om tilskot til å kjøpa nye stolar til skulen. Ifølgje elevrådet er stolane elevane brukar “meir enn klare for utskifting”.

– Stolane slit både på ryggar og klede, heiter det i søknaden til ungdomsrådet.

I søknaden kjem det fram at foreldreutvalet (FAU), skulen sjølv og elevrådet har engasjert seg i saka, og byrja å samla inn pengar.

– Frå ungdomsrådet søkjer vi om pengar til eit klasesett, altså 26 stolar. Kvar stol kostar kring 600 kroner. Samla søknadssum vert difor 15.600 kroner, skriv *Martin Dale* og *Vegard Fosså* på vegner av elevrådet.

Fusa ungdomsråd kan ikkje stetta søknaden frå elevrådet. Årsaka er manglande budsjettmidlar, men òg på prinsipiell grunnlag.

– Det er prisverdig at elevrådet på ungdomsskulen engasjerer seg i saka, men det vert feil å bruka ungdomsrådet sitt budsjett til å kjøpa nytt innbu på Fusa ungdomsskule, heiter det i rådmannen si vurdering av saka.

Rådmann *Berit Floisand* påpeikar at det likevel ikkje er feil av elevrådet å fremja søknaden til ungdomsrådet.

– Elevrådet har med søknaden sin sett ord på noko som er ei utfordring i Fusa. Med tronge driftsbudsjett gjennom mange år er det driftspostar til materiell, utstyr og innbu det gjerne vert kutta i, skriv rådmannen.

Spørsmålet ungdomsrådet bør stilla seg, ifølgje rådmannen, er om saka er så stor og viktig at ho bør ha prioritet ved handsaminga av budsjettet for 2015 og økonomiplanen for 2015–2018.

– Ungdomsrådet kan ta opp saka i uttalen sin til budsjettet, er rådet frå rådmannen.

C.K.